

24/26 Utval for byutvikling 16.04.2026

27/26 Kommunestyret 07.05.2026

Kommunedelplan for vassforsyning

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for vassforsyning 2026-2037 ut til offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS å gå i dialog med Mattilsynet med mål om å få utsett frist for ny reservevassforsyning.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om at det i dei vidare prosessane kring etablering av ny reservevassløysing vert lagt vekt på å kartlegga og involvera miljø- og friluftslivsinteresser med mål om å redusera eventuelle negative verknadar av planlagde tiltak.

Tom Knudsen

Tilleggsframlegg frå H, Frp, Krf og V:

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Røysting:

Framlegget frå kommunedirektøren med tilleggsframlegget frå H, Frp, Krf og V vart samrøystes tilrådd.

Instilling frå utval for byutvikling:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for vassforsyning 2026-2037 ut til offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS å gå i dialog med Mattilsynet med mål om å få utsett frist for ny reservevassforsyning.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om at det i dei vidare prosessane kring etablering av ny reservevassløysing vert lagt vekt på å kartlegga og involvera miljø- og friluftslivsinteresser med mål om å redusera eventuelle negative verknadar av planlagde tiltak.

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Røysting:

Innstilling frå utval for byutvikling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for vassforsyning 2026-2037 ut til offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS å gå i dialog med Mattilsynet med mål om å få utsett frist for ny reservevassforsyning.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om at det i dei vidare prosessane kring etablering av ny reservevassløysing vert lagt vekt på å kartlegga og involvera miljø- og friluftslivsinteresser med mål om å redusera eventuelle negative verknadar av planlagde tiltak.

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Kommunedirektøren, 19.03.2026

Dokumentliste

S	06.02.2025		Planprogram for kommunedelplanane for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune, framlegging for høyring
X	21.02.2025		Saksprotokoll frå KST 20.02.25 - Planprogram for kommunedelplanane for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune, framlegging for høyring
S	16.06.2025		Planprogram kommunedelplan for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune
I	04.06.2025	Stord vatn og avløp AS	Planprogram kommunedelplan
X	30.06.2025		Saksprotokoll frå BUT 26.06.25 - Planprogram kommunedelplan for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune
S	31.03.2026		Kommunedelplan for avløp og vassmiljø
S	31.03.2026		Kommunedelplan for vassforsyning
X	04.12.2025		Møtereferat 1 KDP prosjektgruppe
X	04.12.2025		Møtereferat 2 KDP prosjektgruppe
X	04.12.2025		Møtereferat 3 KDP prosjektgruppe
U	16.02.2026	STORD VATN OG AVLØP AS	Kommunedelplan avløp og vassmiljø. Nokre avklarings spørsmål
I	27.02.2026	Stord vatn og avløp AS	Statusrapport frå Stord vatn og avløp AS om arbeid og framdrift for å innfri sekundærreinsekravet - per 1.mars 2026
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren om framdrift per oktober 2024
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per august 2024
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per mars 2025
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per mars 2026
X	02.03.2026		Møtereferat møte med Statsforvaltar
I	05.03.2026	Torstein Dalen	Kommunedelplaner for vatn og avløp - svar på spørsmål i brev datert 16. februar, sak 2025/699

Vedlegg

- 1 Kommunedelplan for vassforsyning 2026 til 2037
- 2 Oversiktskart eksisterande og ny vassløysing i Vatnadalen
- 3 KDP - Tiltakskart vassforsyning
- 4 Lodda minikraftverk - notat
- 5 Forprosjekt reservevassforsyning Vatnadalen
- 6 Investeringsbudsjett - 2026-2033 - Revidert mar 26

Innleiing (bakgrunn for saka)

I planperioden for gjeldande planstrategi er revisjon av Kommunedelplan (KDP) for vassforsyning ei prioritert planoppgåve. Oppstart av planarbeidet og offentleg ettersyn av planprogrammet vart vedteke av kommunestyret ps 2/25 20.02.25. Utval for byutvikling (BUT) vedtok planprogrammet i møte 26.06.25, ps 80/25. Ansvar for rulleringa er lagt til Stord Vatn og Avløp AS (SVA AS). Styret for SVA AS godkjente i styremøte 7.januar 2026 framlegg til revidert kommunedelplan for vassforsyning 2026-2037.

Framlegg til plan vert lagt fram for BUT for innstilling til kommunestyret om å leggja planen ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Bakgrunn:

Då gjeldande KDP for vassforsyning er i ferd med å gå ut (2026), og kommunen ikkje oppfyller nye sentrale krav om m.a. fullverdig reservevassløyning, er det naudsynt å rullera KDP for vassforsyning.

KDP for vassforsyning er ein tematiske kommunedelplan etter pbl §11-1, som skal handtera kommunen sine interesser, sektoransvar og mål knytt til vassforsyning. Planen erstattar kommunedelplan for vassforsyning (2015-2026). I følgje pbl §11-2 skal kommunedelplanar for tema eller verksemdsområde ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp. Handlingsdelen skal reviderast årleg i samband med budsjettvedtak.

Føremålet med KDP for vassforsyning er å sikra at alle i Stord til ei kvar tid har tilgang på nok drikkevatt av god kvalitet. Førre kommunedelplan (2015-2026) identifiserte følgjande risikomoment:

- For liten reservekapasitet i høgdebasseng
- Manglande hygienisk barriere ved reservevassforsyninga (Ravatnet)
- For liten hydraulisk kapasitet i overføringsleidningane

Stord kommune har dei siste åra bygd ut eit robust overførings- og fordelingsnett for vassforsyning. Noko som gjenstår er eit fullverdig reservevassanlegg som kan sikra ei trygg vassforsyning, samt oppgradering av damanlegga for vassforsyninga.

Rulleringa av planen er naudsynt for å identifisera og planleggja tiltak for vassforsyninga dei neste 12 åra. Tidshorizonten på ein slik plan er 40 år, medan planperioden er 2026-2037 før ein ny plan vert utarbeida/denne planen vert rullert. Rulleringsarbeidet fokuserer på mål og tiltak innan drikkevasskvalitet, leveringskapasitet og leveringstrykk, tilknytingsgrad, forsyningstryggleik, økonomi samt organisasjonen i VA-tenesta.

Nye nasjonale føringar:

Mattilsynet har i 2025 revidert [Veileder til drikkevannsforskriften](#) §10 med fokus på forsyningstryggleik i form av fysiske tiltak (tilgangskontroll, låsar, o.l.), IT tryggleik (fleirfaktorautentisering, fjerntilgang, oppdeling i mindre soner, o.l.), farekartlegging og tryggleikskultur i form av tilsette sin motivasjon, haldningar, kunnskap og åtferd.

I oktober 2025 trådde ei ny [Lov om digital sikkerhet](#) i kraft. Lova gjeld for samfunnsviktige tenester som vassforsyning. Lova set mellom anna krav til at tilbydar av ei samfunnsviktig teneste skal gjennomføra ei risikovurdering av nettverks- og informasjonssystema som vert nytta for å levera tenesta.

Planprosess:

Stord vatn og avløp AS (SVA AS) vart stifta i 2025. SVA AS er organisasjonen som eig, driftar og vedlikeheld kommunale vass- og avløpsanlegg i Stord. Både vassforsyning og avløp blir planlagt og bygd ut av SVA AS.

Ansvarleg planmynde er Stord kommune. Styret i Stord Vatn og Avløp AS har vore styringsgruppe. Planen er utarbeidd av ei prosjektgruppe med følgjande deltakarar:

- Prosjektleder Arnstein Hetlesæter, Stord Vatn og Avløp AS
- Dagleg leiar Sverre Brufladt, Stord Vatn og Avløp AS
- Driftsleder Erik Kallestadbakken, Stord Vatn og Avløp AS
- Kommuneoverlege, Linda M Hammersland, Stord kommune
- Kommunalsjef for Byutvikling, Lovise Vestbøstad, Stord kommune
- Einingsleder for arealforvaltning, Elisabeth Gjerde, Stord kommune
- Samfunnsplanleggjar, Tove Vikanes Agdestein, Stord kommune
- Sekretær, Torstein Dalen, Magnus Reiakvam, Norconsult Norge AS

I rulleringsarbeidet er det utarbeida planprogram (felles planprogram med rullering av kommunedelplan for avløp og vassmiljø) som har vore på offentleg ettersyn. Vidare har prosjektgruppa hatt tre møter og styringsgruppa har hatt eitt møte. I tillegg har det vore

møte med Mattilsynet, Statsforvalter og einingsleiar Stord brann og redning. I løpet av høyringsperioden skal det gjennomførast eitt folkemøte.

Parallelt med arbeidet med KDP for vassforsyning er det og utarbeida Kommunedelplan for Avløp og Vassmiljø. Planane har hatt felles planprogram, men er utarbeidde som to separate planar og vert lagt fram i kvar si sak.


Vidare i planprosessen skal KDP for vassforsyning 2026 – 2037 sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Eventuelle merknadar og høyringsinnspel blir så vurdert før planframlegget vert lagt fram for vedtak i styret i SVA AS og så sendt til kommunestyret for endeleg vedtak, truleg hausten 2026.

Om planen:

KDP for vassforsyning er det overordna styringsverktøyet for forvaltning, drift, utbygging og vedlikehald av vassforsyningsystemet. Planen skal vera tilpassa forventa utvikling i kommunen, og oppfylla krav i lover og forskrifter. Planen gjer greie for korleis Stord kommune skal sikra ein robust, trygg og berekraftig infrastruktur for drikkevassforsyninga. Dei vala som er gjort i KDP for vassforsyning set rammene for gebyrnivå, servicenivå og forsyningstryggleik i vassforsyningsystemet.

Kommunedelplanen legg føringar for arbeidet med vassforsyninga i perioden 2026-2037. Planen fylgjer opp kommuneplanen sine mål ved å sikra ei vassforsyning tilpassa auke i folketal, god beredskap og konkurransedyktig næringsliv. Planen skisserer ein overordna framtidig struktur for hovudvassforsyninga med hovudleidningar, løysing for stabilt trykk på leidningsnettet og nok vatn av god kvalitet. Det er naudsynt med eit reservevassanlegg for å sikra ei trygg vassforsyning, samt oppgradering av damanlegga for vassforsyninga.

Bakgrunn og føremål for planen er illustrert i denne figuren:



Figur 1 Kommunedelplan for vassforsyning: Bakgrunn og føremål

Planen sitt hovudmål er at alle i Stord skal til ei kvar tid ha tilgang på nok vatn med drikkevasskvalitet. Planen har følgjande delmål/resultatområde:

- *Den kommunale vassforsyninga skal vere sjølvfinansierande.*

- *Alle abonnentar skal sikrast mot avbrot i vassforsyninga utover 24 timar.*
- *Ny busetnad innanfor forsyningsområdet til Stord vassverk skal knytast til offentleg vassforsyning.*
- *Abonnentane skal sikrast nok vatn med tilfredsstillande trykk.*
- *Det vatnet Stord kommune leverer skal tilfredsstillende krava i drikkevassforskrifta.*
- *Sikra tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å oppfylle dei måla som er sett for drikkevass-forsyninga i Stord kommune .*

Økonomi:

Tiltak og utbygging må skje innanfor dei økonomiske rammene som vert vedtekne for sektoren. Vass-sektoren skal vera sjølvfinansierande. Det betyr at vassanlegga vert finansiert ved at innbyggjarane som er tilkopla vassnettet betalar eit årleg vassforsyningsgebyr. Styret i Stord Vatn og Avløp AS utarbeider årleg eit budsjett. Budsjettet er grunnlag for vassforsyningsgebyret.

Gebyrnivået vert fastsett av kommunestyret. Kommunestyret sitt vedtak av investeringsbudsjettet gir Stord Vatn og Avløp AS fullmakt til å gjennomføra dei prosjekta som er prioritert i budsjettet. I ny kommunedelplan for vassforsyning er investeringskostnadane for planperioden rekna til 1674 MNOK med ein usikkerheit på +/- 40%. Totalt er det estimert ein gebyrauke på 114% som gjev ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 9,5 %. Dette tilsvarar auke i gebyret frå kr 8852 i 2026 til kr 18912 i 2037. Gebyrauken er størst i starten av perioden, fram til 2030.

Samla investeringskostnader for alle planlagde tiltak innan både vassforsyning og avløp for planperioden er 3702 MNOK +/- 40%

Stord Vatn og Avløp AS har i mars 2026 utarbeidd revidert investeringsbudsjett for perioden 2026-2033 som avvik noko frå estimata i planen. Revidert budsjett er vedlegg til saka.

Prioriterte satsingsområde

Kommunedelplanen legg særleg vekt på fire hovudsatsingsområde innan vassforsyninga:

1. Reservevassforsyning med Ravatnet som vasskjelde, vasshandsamingsstasjon, høgdebasseng og minikraftverk:

Prosjektet skal få plass ei reservevassforsyning med to hygieniske barrierar og nok kapasitet. Dersom hovudvasskjeldene (Tysevatnet og Vaulane) eller Lundsæter vasshandsamingsstasjon fell ut, har Stord i dag berre krisevassforsyning frå Ravatnet som reserve. Dette medfører kokevarsel for heile kommunen. I noverande løysing renn vatnet i open elv frå Ravatnet og ned gjennom Vatnadalen til ein liten inntaksdam med tilhøyrande enkelt bygg for tilsetjing av klor for desinfisering. Vidare renn vatnet i tett røyr herifrå og fram til hovudvassleidningsnettet ved Lønning. Løysinga gjev vatn i nokre månadar grunna lita reguleringshøgde i Ravatnet.

Det er utarbeida detaljert forprosjekt for den nye reservevassforsyninga, der alternative løysingar for plassering av overføringsanlegg, høgdebasseng og vannbehandlingsanlegg er vurdert. Parallelt med forprosjektet pågår arbeid med ny detaljreguleringsplan for areal knytt til reservevassforsyninga. Reguleringsplanen vil bli lagt fram for 1. gangs handsaming i løpet av våren 2026.

Ny reservevassløysing er i korte trekk:

- Leggja ny 4 km hovudvassleidning frå Ravatnet (ligg på kote 344 m.o.h.) og ned Vatnadalen til ein treff eksisterande nytt vassleidningsnett ved turparkeringa på Øvre Økland.
- Etablere nytt og djupt vassinntak i Ravatnet på minus 30 meters djupne. Ravatnet har svært god vasskvalitet og lågt fargetal, så ved inntak på minus 30 meter er vatnet å rekna som svært reint og hygienisk godt drikkevatt.
- Kring 2 km nedanfor Ravatnet, ved Lodda, skal det byggjast nytt vassverk der vatnet går gjennom trykkfilter, vert så UV-bestrålt og deretter tilsett klor. UV

og klor syter for at drikkevandet er hygienisk rent. Vidare vert vatnet pH-justert før det vert slept ut i to høgdebasseng, kvart på 3000 m³, og vidare ut derifrå til resten av den nye hovudvassleidningen som vert lagt nedover i Vatnadalen.

- Siste stykket ned Vatnadalen, skjer leidningstraseen ut av Vatnadalsvegen og går vidare i «Gerda-stien» og fram til den møter Vatnadalsvegen att og koplar seg der saman med eksisterande oppgradert vassleidningsnett. Det er i reguleringsplanen for reservevassforsyninga lagt inn ny tilkomstveg til Ravatnet oppå ny vassleidningstrase i «Gerda-stien». Ny vegtilkomst til Ravatnet går såleis utanom inste bruka i Vatnadalen (Øvre Økland). Ny veg er planlagt med dekke av oppfrest gjennbruksasfalt. Det vert ikkje veglys langs vegen til Ravatnet. Der vegen svingar av dagens Vatnadalsvegen, vert det sett bom og det er berre aktuelle grunneigarar som skal ha køyrerett på vegen.
- Vatnet som kjem inn på nytt vassverk ved Lodda har eit trykk på kring 22 bar. Gjennom vassverket vert vatnet reinsa medan det har dette trykket. Deler av vatnet går til høgdebassenga og misser trykket sitt der. Høgdebassenga har vassyte på kote 125. Resten av vatnet med høgt trykk går i eiga parallell røyr 1 km nedover Vatnadalen til det ver kopla til eksisterande hovudvassleidning til Vad og vidare over Presthaug og vatnet stig heilt opp til Lundsæter vasshandsamingsstasjon. Denne løysinga medfører at alle vassabonnentane i Stord kommune får same trykk frå Ravatnet som om vatnet kom frå Lundsæter vasshandsamingsstasjon, berre ved hjelp av tyngdekrafta.
- Det er søkt NVE om konsesjon for kraftproduksjon via eit minikraftverk og eit mikrokraftverk i Vatnadalen ved vassverket på Lodda. NVE har signalisert at konsesjonssvaret skal på høyring våren 2026. Minikraftverket er i drift når reservevassforsyninga ikkje er innkopla. Mikrokraftverket er i drift heile året. Kraftproduksjonen er berekna til kring 1,5 GWh/1 500 000 kWh. I tillegg har vasstenesta eit eksisterande mikrokraftverk i Fuglevikjo og har planar om eit til på Ludsåsen. Total kraftproduksjon er då oppe i 1,8 GWh, som er 45% meir kraft enn heile straumbehovet for VA-tenesta i Stord kommune.
- Nytt vassverk i Vatnadalen har kapasitet til å levera vatn i 8-10 månadar i tørrår. Ved lengre avbrot enn dette i leveringa frå Lundsæter, kan det etablerast provisorisk vasspumping frå Tysevatnet eller Vaulane til Ravatnet.
- Reservevassforsyninga er berre tenkt nytta ved behov og skal kunna setjast i gang omgåande. Vassverket er planlagt å vera utan fast bemanning.
- Det er vurdert eit alternativ med borehol for vasstransport frå Ravatnet og fram til nytt vassverk på Lodda. Denne løysinga er forkasta grunna høg kostnad og usikkerheit kring fjellkvalitet i boretrase.
- Ny reservevassforsyning er så langt kostnadsrekna til 342 mill. kr.
- Kravet frå Mattilsynet er at reservevassløysinga skal vera klar til 31.12.2030.

2. Dam-rehabilitering:

- Stord kommune har fylgjande damanlegg knytt opp til vasstenesta:
 - o Vaulane dam: inntaksdam for råvatn.
 - o Tysevatnet dam: hovudvasskjelde
 - o Tysevatnet sekundærdammar: to mindre dammar i Tysevassdraget.
 - o Aravatnet dam: reservevatn inn til Tysevatenet dam
 - o Ravatnet dam: dam for reservevassforsyninga.
- Alle vassdammane er kontrollerte av fagkyndig, og stabilitet er etterkontrollert for dei krav NVE set. Ingen av dammane held stabilitetskrava, og er teoretisk utsett for enten velting eller utgliding.

- Det er starta eit forprosjekt som skal leggja plan og kalkulera kostnad for vidare arbeid med damanlegga. Forprosjektet er klart våren 2026.
- Grunna omfattande planleggingsarbeid, er det truleg ikkje realistisk at damutbetringa kjem før i slutten av planperioden.

3. Ferdigstilling av "Vassormen":

- I Kommunedelplan for vassforsyning 2015 – 2026 vart det vedteke å byggja ein «Vassorm» rundt Landåsen, frå Kattatveit til Heiane, ned i Storavatnet og attende til Stuva og derifrå til Lønning og Kattatveit. Total lengde på denne vassleidningen er kring 9800 meter. Denne vassringen har stor dimensjon og høgt trykk og blir tosidig forsynt frå framtidig reservevassløyning i Vatnadalen og frå Lundsæter vasshandsamingsstasjon. Vidare er resten av vassleidningsnettet knytt opp mot denne hovud-vassringen. Løyning gjev ei svært stabil vassforsyning med mykje vatn og høgt trykk. Per no står det att å leggja 16% av leidningen. Det er konkrete langtkomne planar om at dette skal gjerast i 2026 og 2027.

4. Rehabilitering av vassleidningsnett og tilhøyrande vasskummar:

- I kommunedelplan for vassforsyning 2015 – 2026 har det vore stort fokus på rehabilitering av dårlege vassleidningsstrekke og fokus på lekkasjesøk og lekkasjeutbetring. Arbeidet har gjeve resultat, og vassforbruket (nattforbruket) har gått ned frå 114 l/s i 2015 til 70 l/s i 2025. For dei neste 12 åra er målet å redusera nattforbruket til 50 l/s.
- I kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2037 er mindre rehabiliteringsarbeid og kumutskiftingar styrka som tiltak i driftsorganisasjonen for mellom anna å redusera lekkasje på drikkevassnettet.

Vurdering

Kommunedelplanen for vassforsyning 2026–2037 er eit strategisk, fagleg solid og langsiktig styringsdokument, som legg til rette for at Stord kommune kan møte både nasjonale krav, lokale utviklingsmål og framtidige klimatiske og demografiske utfordringar. Planen sikrar god samanheng med fleire av dei politiske måla i kommuneplanen, særleg innan samfunnstryggleik, næringsutvikling og befolkningsvekst.

Planen tek høgde for ønska folketalsutvikling i kommunen, og sikrar at vassforsyninga ikkje blir ei avgrensing for bustadutviklinga. Planen støttar kommuneplanen sitt mål om næringsutvikling og regional attraktivitet mellom anna ved å leggja til rette for næringsutvikling i prioriterte næringsområde, og opnar for mogleg framtidig samarbeid om vassleveranse med nabokommunar.

Vassforsyningsplanen er ikkje ein juridisk arealplan, men legg likevel tydelege føringar for arealbruk. Planen sitt framlegg til ny reservevassløyning med tilhøyrande infrastruktur vil medføra store fysiske inngrep i område med høg verdi for m.a. natur- og friluftsliv. Areal – og miljøkonsekvensar er i liten grad synleggjort på strategisk nivå. Det er i følgje forprosjektrapporten gjort vurderingar av alternative plasseringar for m.a. overføringsanlegg, høgdebasseng og vannbehandlingsanlegg i forprosjektet for reservevassløyning. Desse vurderingane er berre delvis dokumentert i rapporten, og ser ut til hovudsakleg å vera avgrensa til VA-tekniske og økonomiske omsyn. Så langt kommunedirektøren kan sjå er det ikkje dokumentert kartlegging og involvering av andre interesser i vurderinga av dei ulike alternativa. Medverknad og utgreiing av ulike omsyn er hovudsakleg lagt til reguleringsplanprosessen. Denne prosessen vurderer to alternativ for overføringstrasé frå Ravatnet til vannbehandlingsanlegget. For dei andre tiltaka, m.a.

reinseanlegg, høgdebasseng og vegtilkomst, vurderer planprosessen berre det valte alternativet, der løysingane i stor grad er fastlagde.

Slik kommunedirektøren ser det skulle dei strategiske vurderingane om val av plassering og traséar vore gjort i opne prosessar som inkluderte alle interessentar. Slik som saka står no vil ein ekstra vurderingsrunde få store konsekvensar for framdrift og ressursbruk, og er difor ikkje tilrådd. Kommunedirektøren meiner det framover heller bør leggjast vekt på at prosessen har brei medverknad og får fram moglege konflikhtar med t.d. natur, kultur og friluftsliv, og kva for avbøtande tiltak som kan redusera konfliktane.

Kommunedelplan for vassforsyning er grundig på tekniske løysingar, reinsekrav, ROS og økonomi. Samtidig inneheld planen fleire grep som utfordrar ulike berekraftperspektiv og kommuneplanen sine mål m.a. om likeverd og om god forvaltning av naturverdiane. Dette gjeld særleg auken i gebyr i høve sosial berekraft og inkludering, og konsekvensar utbygging av infrastrukturen har for nærmiljø, natur, friluftsliv og klima.

Planen sine konsekvensar for gebyrsatsane er særskilt utfordrande. Planen legg opp til store investeringar i vassforsyningsinfrastrukturen, med ein estimert gebyrauke på 114% +/- 40% i planperioden. Dette er fagleg grunngeve ut frå krav til forsyningstryggleik, beredskap og langsiktig fornying av anlegg, men kan samtidig utfordra den sosiale berekrafta. Auka gebyr kan få store konsekvensar for hushald med låg betalingsevne, og kan også vera krevjande for delar av næringslivet. Utbygginga kjem samtidig med planlagt bygging av nytt sekundærreinseanlegg for avløp, noko som betyr at samla VA-gebyr for private husstandar (vatn og avløp) i følgje estimatet aukar frå 18 693kr i 2026 til 42 208kr i 2037, ei auke på 126%. Både avløp og vassforsyning har sine største investeringar i perioden 2027-2030. Dei høge gebyra rammar innbyggjarane i ein periode med generell høg kostnadsvekst, og kan påverka sosial ulikskap og levekår.

Framdrifta av både sekundærreinseanlegg og reservevassløysing, som er dei klart mest kostnadsdrivande tiltaka, er styrt av fristar frå statlege mynde (statsforvaltar og Mattilsynet), og skal vera ferdige i 2030. Andre tiltak er skuva mot slutten av planperioden, etter 2030. Tiltak på leidningsnettet, som rehabilitering, renovering og nyanlegg, prioriterast ut i frå ein heilskapleg vurdering av risiko (sannsyn for brot, konsekvens ved brot), leidningstilstand og synergieffektar med andre prosjekt. I tillegg må dei ulike tiltaka vurderast med omsyn til kompleksitet og varigheit, slik at dei passar inn med andre pågåande prosjekt kva gjelder kapasitet i organisasjonen til å følgja dei opp.

Slik kommunedirektøren vurderer det, er utsetjing av eitt av dei to hovudprosjekta det beste alternativet for å kunna redusera gebyrpresset dei neste åra. For reinseanlegget vil utsett ferdigstilling medføra tvangsmulkt og forsterka utfordringane knytt til stans i bustadbygginga. Utsetjing av reservevassløysinga er utfordrande i høve beredskap, men eksisterande kriseløysing, som treng kokevarsel, vil framleis vera eit alternativ. Kommunedirektøren meiner konsekvensane med å utsetja reservevassløysinga er mindre enn for sekundærreinseanlegget, og kommunen bør difor gå i dialog med Mattilsynet for å få utsett frist for reservevassprosjektet slik at gebyrbyrda blir meir fordelt. Revidert investeringsbudsjett som ligg ved saka, tar høgd for to års utsetjing av bygging av reservevassanlegget (frå 2028-2030 til 2030-2032).

Plan- og bygningslova §27-1 og §27-2 gir kommunen heimel til å pålegga abonnentar å kopla seg på kommunalt leidningsnett. I følgje planen er tilknytingsgraden i Stord om lag 99%. Å ha tilgang til trygt drikkevatt er viktig for helse og trivsel. Kommunedirektøren støttar planen sitt mål om at all busetnad innafor forsyningsområdet til Stord vassverk skal knytast til offentleg vassforsyning, og at SVA AS gjer ei kartlegging av abonnentar som ikkje er tilknytt kommunalt leidningsnett og vurdere om det er formålstenleg å kople dei på.

Interkommunalt samarbeid kan bidra til meir berekraftige tenester og tilbod. I KDP for vassforsyning blir det vist til at det i samband med rehabilitering av eksisterande leidningsnett blir lagt til rette for ev. framtidig tilknytning til Fitjar kommune. Det kan også vera aktuelt med samarbeid innan VA-tenester, som til dømes lekkasjesøk. Kommunedirektøren støttar SVA i å utforska ev. samarbeid vidare.

Økonomiske og administrative konsekvensar

- I høve til budsjett og økonomiplan: Framdrift og økonomi for vassforsyningsutbyggingar må sjåast i samheng med KDP for avløp og vassmiljø. Vass-sektoren skal vera sjølvfinansierande. Total investering i planperioden er 1674 mill. kroner, som skal finansierast ved vassforsyningsgebyr, noko som betyr ein relativ stor auke i gebyra. Prognose for gebyra er vist i planen. I høve til drift og personell: Det kan vera naudsynt å auka kapasiteten på prosjektleiing hos SVA AS for å følgja investeringstakten som er lagt til grunn i denne planen. Oppbemanning inngår i prosjektbudsjettet.

Konsekvensar for berekraftsmåla

- Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [folkehelsemål](#): Trygg og stabil forsyning av reint drikkevatt er blant dei aller viktigaste faktorane for folkehelsa. Tiltaka i planen er såleis sentrale for at folk i Stord skal ha gode levekår og god helse. Samtidig kan høge gebyr bidra til å svekka sosial berekraft gjennom auka sosiale skilnader. Nedbygging av natur og friområde kan redusera tilgjenge og kvalitet på rekreasjonsareal, noko som kan ha negativ innverknad på trivsel og helse.
- Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [klima-/miljømål](#): KDP Vassforsyning inneheld klimarekneskap som viser korleis VA-sektoren skal bidra til reduksjon av klimagassar. Planen bidrar til berekraft og redusert klimagassutslepp mellom anna ved redusert vasslekkasje og meir effektiv ressursbruk, energiproduksjon (minikraftverk), og langsiktig forvaltning av vassressursar.

Konsekvensar for beredskap: Trygg tilgang til drikkevatt og sløkkevatt er ein grunnleggande del av samfunnstryggleiken. KDP Vassforsyning fremjar kommunen sin beredskap mellom anna ved:

- fullgod reservevassforsyning innan 2030
- ny damstruktur og tovegstilknytning
- styrking av ROS-arbeid, inkludert ny digital tryggingslov frå 2025

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at Kommunedelplan for vassforsyning vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, og at det i den vidare prosessen blir lagt til rette for brei medverknad.

For å unngå einskilde år med svært høg gebyrauke foreslår kommunedirektøren at Stord VA AS kontaktar Mattilsynet for å be om utsett frist for ferdigstilling av ny reservevassløyising.

Plan for gjennomføring

Kommunestyret legg Kommunedelplan vassforsyning ut til høyring og offentleg ettersyn. Stord VA AS gjer så ei vurdering av innkomne merknader, oppdaterer planframlegget og legg revidert plan fram for vedtak i styret i SVA AS. Kommunedirektøren legg deretter planen fram for 2. gangs handsaming i Utval for byutvikling og endeleg vedtak i Kommunestyret.